



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Statsråden

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/2170-46

11. desember 2019

Tidsintervall for vurdering av måloppnåing i byvekstvtalane

Eg viser til siste og avsluttande forhandlingsmøte for ny byvekstvtale for Bergensområdet 4. desember 2019. Etter møtet blei forslag til avtale overrekt Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Forslaget skal no til lokalpolitisk behandling i kommunestyra i Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden, i bystyret i Bergen og i fylkestinget i Vestland før det skal behandlast i regjeringa.

I byvekstvtalane er det lagt opp til at måloppnåinga skal skje innanfor avtaleperioden, og at alle partane har eit ansvar for dette gjennom porteføljestyringa. For å få til ei meir føreseieleg gjennomføring og handtering av nullvekstmålet inkludert tilgang til belønningssmidlar frå staten, legg eg til grunn at nullvekstmålet frå no blir målt i eit tre års glidande snitt.

Dette inneber at måloppnåinga gjeld avtaleperioden sett under eitt. Partane skal gjere ei årleg vurdering av utviklinga gjennom porteføljestyringa. Målingane skal vurderast på eit tre års glidande snitt. Det skal vere netto nullvekst i perioden.

Endringane tek til å gjelde frå no, og kan leggjast til grunn i den lokalpolitiske behandlinga av forslaget til ny byvekstvtale for Bergensområdet.

Med helsing

Jon Georg Dale

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskreven signatur.

Kopi
Fylkesmannen i Vestland
Jernbanedirektoratet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Vegdirektoratet

Adresseliste
Askøy kommune
Bergen kommune
Fjell kommune
Lindås kommune
Os kommune - Hordaland
Vestland fylkeskommune